

Gunnar Skirbekk

Ope brev til kulturminister Anniken Huitfeldt

Framlegg til vedtak

Jamstillingsvedtaket er forpliktande for Staten og statlege organ. Dette gjeld ikkje berre skulevesenet, og heller ikkje berre offentlege skriv av ymse slag, anten det er på papir eller på nettet, men også det offentlege rom.

Når ein vurderer mengda av offentlege skriv på papir eller på nettet, er det påviseleg slik at nynorsk-andelen er svært liten, langt under alle rimelege tolkingar av dei lover og vedtak om språkleg jamstilling som Staten sjølv har gitt. Det same gjeld skilt og oppslag i det offentlege rom.

Om vi legg til grunn at nynorskbrukarane, medrekna elevar med nynorsk hovudmål, har rett til å kjenne seg igjen i sitt eige språk i det offentlege rom, må vi ta tak i problemet, slik at begge språk i større grad blir synlege i det offentlege rom.

Her er eit tiltak som kan rette på noko av den påviselege ubalansen som rår i dag:

Statlege norskspråklege permanente skilt og oppslag skal vere både på nynorsk og bokmål.

Dersom ein av praktiske grunnar finn å måtte avvike frå denne hovudregelen, skal dei aktuelle skilt/oppslag vere på nynorsk.

Vedtaket omfattar norskspråklege permanente skilt og oppslag for alle statlege selskap, institusjonar og etatar, slik som Høgsterett, Stortinget, regjeringa med departement og direktorat, politiet, forsvaret, Jernbaneverket og NSB, Statens vegvesen, Avinor.

Det som trengst i første omgang, er eit forpliktande prinsippvedtak.

Spørsmål om finansiering og praktisk gjennomføring kan ein komme tilbake til.

Med tanke på moglege motargument kan det vere grunn til å presisere eit par poeng:

- (i) Som nemnt ovanfor er det ikkje tale om positiv forskjellsbehandling av nynorsk og nynorskbrukarar; tvert om, det er tale om å minske den negative forskjellsbehandlinga som nynorsk og nynorskbrukarar blir utsette for i dag.
- (ii) Det er her tale om enkle eingongsoperasjonar i statleg regi; det blir ikkje stilt nye krav om eigeninnsats for den enkelte norske statsborgar.
- (iii) Framlegget ovanfor har som hovudregel at statlege norskspråklege permanente skilt og oppslag skal vere både på nynorsk og bokmål. I så måte skjer det inga endring for bokmålbrukarane.
- (iv) Framlegget har eitt unntak. Når ein av praktiske grunnar avvik frå hovudregelen, skal dei aktuelle skilt/oppslag vere på nynorsk. Dette vil t.d. gjelde korte tekstar på små skilt, for eksempel trafikkskilt der orda ”gjelder ikke motorsykkel” er bytta ut med orda ”gjeld ikkje motorsykkel”, eit skriftspråkleg uttrykk som utan vidare er forståleg for alle norske statsborgarar som kan lese norsk.
- (v) Ei påminning: som argument mot skriftleg sidemål for bokmåselevar blir det ofte sagt at ”alle kan lese og forstå nynorsk, derfor treng vi ikkje ha opplæring i skriftleg nynorsk”. Med andre ord, også hos bokmålbrukarar som er negative til skriftleg sidemålsundervisning, blir det ofte framheva at det ikkje byr på problem å lese og forstå ein nynorsk tekst.
- (vi) Dersom framlegget likevel, trass i presiseringane ovanfor, skulle møte motstand, må det derfor botne i fordommar og uvilje, og slike holdningar bør ikkje oppmuntrast, men bekjempast.